

Møteinnkalling

Utval:	Styret for Fagskolen Vestland
Møtestad:	Nettmøte
Dato:	02.05.2022
Tid:	Kl. 08:30 eller kl. 10:00

Oppmodar om at avklaring om habilitet vert meldt i forkant av møtet.

Dersom nokon av medlemmene i styret ikkje kan møte og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast til Ingrid.Fagerheim.Settem@vlfk.no.

Innkallinga gjeld valde medlemmer i styret for Fagskolen Vestland. Ved eventuelt forfall frå faste medlemmer vil varamedlemmer bli kalla inn særskilt.

Kl. 08:30 eller kl. 10:00 Sakshandsaming

Emil Gadolin

Styreleiar

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
GK 06/22	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste	2022/486	
GK 07/22	Godkjenning av møteprotokoll frå 25.03.2022	2022/486	
Referatsaker			
RS 07/22	Rekneskap 1. kvartal 2022	2022/486	
Vedtaksaker			
VS 14/22	Løyve til å melde NOKUT om endring av utdanninga Spesialreinhold og sterilforsyning i helsetenesta	2022/486	
VS 15/22	Budsjett 2022 og bruk av disposisjonsfond	2022/486	
VS 16/22	Tilbudsstruktur for Fagskulen Vestland 2022-23	2022/486	

Saksnr: 2022/486-31
Saksbehandlar Adeline Berntsen Landro
Dato: 25.04.2022

Til: Styret for Fagskulen Vestland

Frå: Rektor

Rekneskap 1. kvartal 2022

I denne meldinga vert det lagt fram rekneskap for 1. kvartal 2022. Som styret har vorte informert om tidlegare opererer fagskulen med to økonomisystem fram til 1. august 2022, og det vert derfor vist rekneskap for sør og nord separat.

Rekneskap for fagskulen i sør per mars 2022

For 2022 er Fagskulen Vestland (sør) sitt årsbudsjett følgende:

Budsjettpost	Årsbudsjett 2022
Løn og andre kostnader	139 507 908
Overskot frå 2021*	
Statstilskot	-111 045 071
Inntekter frå oppdragsverksemd	-1 500 000
Studieavgift	-4 680 000
Prosjektmidlar frå 2021	-9 497 837
Sum	12 785 000

Skulen har i 2022 budsjettet med 139 507 908 mill.kr. i utgifter og tilsvarende beløp i inntekter og fylkeskommunalt tilskot.

I tillegg har skulen eit disposisjonsfond frå 2021 på Kr. 6 309 897

Pr. Mars 2022 er Fagskulen Vestland sitt rekneskap følgende:

Tekst	Regnskap	Budsjett
Adm/leing	-61 557 098	-26116592
Undervisning	28 159 689	31892858
Oppdragsverksemd	288 705	-375000
TOTAL	-33 108 704	5 401 267

Differanse	kr	38 509 971
-------------------	-----------	-------------------

NOTE 1	kr	27 761 268	Statstilskudd utbetalt for Q2
NOTE 2	kr	3 311 168	Nye prosjektmidler i 2022
RESULTAT	kr	7 437 535	

AVDELING	REGNSKAP mars 2022	BUDSJETT mars 2022	DIFFERANSE
Administrasjon og leing	-61 557 098	-26 116 592	-35 440 507
Lønn og reiseutgifter	2 325 694	855 666	1 470 028
Studieavgift		-1 170 000	
Andre kostnader	21 193	0	
Tilskudd VLFK			
Statstilskot	-55 522 535	-27 761 268	-27 761 268
Merkantil	1 050 703	1 645 130	-594 427
Skolelokale	50 128	60 000	-9 872
Fagskolestyret	10 504	243 880	-233 376
Bibliotek	5 052	10 000	-4 948
Årsoppgjør	-9 497 837		
Adm og leing	-61 557 098	-26 116 592	
Fagskolen felles	1 825 867	3 219 493	-1 393 626
Fagstab	275 714	872 563	-596 849
Elektro (Elkraft og Automatisering)	6 505 208	7 093 037	-587 829
IT - felles	68 517	50 000	18 517
Arborist	242 304	369 871	-127 567
Lokal matkultur	601 212	716 230	-115 018
Bygg (Bygg og KEM)	4 737 822	5 300 281	-562 459
Anlegg	899 819	1 048 022	-148 203
Maritim Bergen	4 349 835	3 897 930	451 905
Maritim Austevoll	1 666 061	1 219 884	446 177
Maskin	2 990 434	3 166 894	-176 460

NOTE 1

NOTE 2

NOTE 3

Petroleum (Boring)	1 840 453	2 177 820	-337 367
Prosess	935 880	1 356 473	-420 593
Helse	1 220 563	1 404 360	-183 797
UNDERVISNING	28 159 689	31 892 858	-3 733 169
OPPDRAK	288 705	-375 000	663 705

NOTE 1 - regnskapsført for 1/2 år

NOTE 2 - Prosjektmidler fra 2021

NOTE 3 - Studieavgift er regnskapsført på 388100 - budsjettert på 388000

Rekneskap for fagskolen i nord

AVDELING	REGNSKAP mars 2022	BUDSJETT mars 2022	DIFFERANSE
Forvaltning og fellesutgifter	776 518	518 362	258 156
Lokale og fellesutgifter Førde	1 600 810	1 349 478	251 332
Lokale og fellesutgifter Måløy	983 032	680 804	302 228
Undervisning Førde	2 682 521	5 122 403	-2 439 882
Undervisning Måløy	2 291 142	2 720 752	-429 610

Saksnr: 2022/486-27**Saksbehandlar:** Ingrid Fagerheim Sættem

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Styret for Fagskulen Vestland	VS 14/22	02.05.2022

Løyve til å melde NOKUT om endringar i utdanninga Spesialreinhold og sterilforsyning i helsetenesta

Forslag til vedtak

1. Fagskulen får løyve til å melde NOKUT om endring av namn og samla læringsutbytte for utdanninga «Spesialreinhold og sterilforsyning i helsetenesta».
2. Fagskulen får løyve til å søkje ny akkreditering av utdanninga ved fristen 15. september 2022, dersom NOKUT krev dette.

Samandrag

Fagskulen ønskjer å endre namn på helsefagutdanninga «Spesialreinhold og sterilforsyning i helsetenesta» til «Sterilforsyning og smittevern i helsetenesta». Årsaka til namnebyttet er at omgrepet «smittevern» reflekterer innhaldet i utdanninga betre enn «spesialreinhold». Fagskulen vil også leggje til fire nye overordna læringsutbyttebeskrivingar. Slike endringar av utdanninga må godkjennast av styret, og skal meldast inn til NOKUT. NOKUT vil godkjenne endringane, eller be fagskulen om å søkje ny akkreditering dersom endringane er vesentlege og krev vurdering av sakkunnige.

Torbjørn Mjelstad
rektor

Adeline Berntsen Landro
prorektor organisasjon og samhandling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Fagskulen ønskjer å endre namn på helsefagutdanninga «Spesialreinhald og sterilforsyning i helsetenesta». Det nye namnet vil vere «Sterilforsyning og smittevern i helsetenesta». Årsaka til namnebyttet er at omgrepet «spesialreinhald» dekkjer meir enn det studiet omhandlar. Omgrepet «smittevern» er på si side meir spissa, og reflekterer innhaldet i utdanninga betre.

Fagskulen vil også leggje til fire nye overordna læringsutbyttebeskrivingar. Utdanninga «Spesialreinhald og sterilforsyning i helsetenesta» har vore akkreditert sidan 2013, og studieplanen er no revidert og oppdatert i tråd med yrkesfeltet. Dagens overordna læringsutbytte finn du ved å følgje lenkja: <https://www.fagskulen.no/studietilbod/Studietilboda-vare/helsefaglege-utdanningar/spesialreinhald-og-sterilforsyning-i-helsetjenesten/>

Dei fire nye overordna læringsutbyttebeskrivingane er som følgjer:

Kunnskapar

Studenten

- 1. har kunnskap om etiske teoriar, prinsipp, dilemma, lovverk, konflikthandtering, kommunikasjon og samarbeid i eit arbeidsfellesskap*
- 8. har kunnskap om sterilt lagerhold og logistikk og forstår krav til sporing av instrument og vareflyt*
- 9. har kunnskap om organisering av helsetenesta, og organisering av sterilforsyningstenesta- roller og funksjon*

Ferdigheiter

Studenten

- 1. kan gjenkjenne etiske dilemma og reflektera fagleg rundt desse, samt nytta kunnskap om kommunikasjon for å bidra til eit godt tverrfagleg arbeidsmiljø, og bidra til gode gruppeprosessar*

Det er planlagt nytt kull med studentar hausten 2023. Ved godkjenning frå NOKUT trer endringane i kraft frå denne tid.

Det følgjer av fagskuletilsynsforskrifta § 5-1 at fagskulen har meldeplikt til NOKUT for nærmare bestemte endringar i utdanningstilbodet, irekna endring av namn og samla læringsutbytte, jf. første ledd bokstav d og e. For å kunne sende endringsmelding til NOKUT må styret stadfeste at skulen har løyve til å melde om endringa. NOKUT vil godkjenne endringane, eller be fagskulen om å søkje ny akkreditering dersom endringane er vesentlege og krev vurdering av sakkunnige.

Vedtakskompetanse

Det er styret for Fagskulen Vestland som fattar vedtak om det skal meldast NOKUT om endring av utdanninga, jf. fagskulelova § 17:

§ 17. Innholdet i utdanningen

Styret skal fastsette en plan for innholdet i utdanningen og bestemme hvordan planen skal gjennomføres. Det skal blant annet fastsettes bestemmelser om obligatoriske kurs, praksisstudier, vurderingsformer og lignende.

Studiepoeng er en betegnelse på læringsutbytte og normert studietid. Et fullt studieår er normert til 60 studiepoeng.

Departementet kan gi forskrift om

a) nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk

b) et felles vurderingsuttrykk ved eksamen, prøve, bedømmelse av oppgave eller annen vurdering.

Konklusjon

Basert på saksframlegget vil rektor tilrå at styret gjev fagskulen løyve til å melde NOKUT om endring av namn og samla læringsutbytte for utdanninga «Spesialreinhald og sterilforsyning i helsetenesta». Vidare vert det tilrådd at styret gjev fagskulen løyve til å søkje om ny akkreditering av utdanninga ved fristen 15. september 2022, dersom NOKUT krev dette.

Saksnr: 2022/486-30**Saksbehandlar:** Adeline Berntsen Landro

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Styret for Fagskulen Vestland	VS 15/22	02.05.2022

Budsjett 2022 og bruk av disposisjonsfond

Forslag til vedtak

1. Styret vedtek budsjett for 2022 som det kjem fram av saka.
2. Av disposisjonsfondet vert det brukt 4,9 mill. til investeringar og utstyr som det kjem fram av saka.
3. Dei resterande 2,6 mill. frå disposisjonsfondet vert nytta til kostnader i samband med fusjonen og mindre investeringar og innkjøp.

Samandrag

I denne saka vert det først vist forslag til detaljbudsjett for 2022 som også syner handlingsrommet som skulen har til å styrke utviklingskapasiteten, og deretter vert det vist forslag til bruk av disposisjonsfondet. I samband med bruk av disposisjonsfondet vert det også vist kva prosjekt skulen har fått støtte til av HK-dir. gjennom ordninga med utviklingsmidlar i 2022.

Torbjørn Mjelstad
Rektor

Adeline Berntsen Landro
prorektor

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Styret handsama sak om budsjett for 2022 og årsrekneskap for 2021 (VS 10/22) i møte 25.03.2022 og gjorde følgjande vedtak punkt 3 i saka:

«Fagskulen Vestland sitt disposisjonsfond vert nytta til investeringar og eigenandel i prosjekt. Rektor vil kome attende med forslag til bruk av disposisjonsfond, samt eit detaljbudsjett til styremøte 02.05.2021.»

I denne saka vert det først vist forslag til detaljbudsjett for 2022 som også syner handlingsrommet som vi har til å styrke utviklingskapasiteten ved skulen, og deretter vert det vist forslag til bruk av disposisjonsfondet. I samband med bruk av disposisjonsfondet vert det også vist kva prosjekt skulen har fått støtte til av HK-dir. gjennom ordninga med utviklingsmidlar i 2022.

Detaljbudsjett for Fagskulen Vestland 2022

AVDELING	Budsjettforslag 2022
Administrasjon og leiing	4 000 000
Merkantil	4 800 000
Fagstab	8 500 000
Elektro (Elkraft og Automatisering)	26 750 000
Arborist	1 537 500
Lokal matkultur	2 892 500
Bygg (Bygg og KEM)	18 725 000
Anlegg	4 462 500
Maritim Bergen	15 287 500
Maritim Austevoll	4 762 500
Maskin	11 587 500
Petroleum (Boring)	7 357 500
Prosess	5 037 500
Helse	4 500 000
Bygg Førde	13 050 000
Maskin og Elkraft Førde	8 878 500
Maritim Måløy	9 713 500
Sum avdelingane	151 842 000
Felles	10 337 000
Sum budsjett	162 179 000

Budsjettet er sett opp med ei forventa auke i tal på stillingar i administrasjonen og stab på til saman 6,2 mill. Stillingane som fagskulen vil tilsette i er som følgjer:

- KS leiar
- Ansvarleg for inntak og eksamen (Nordnes)
- Kommunikasjon og marknadsføring
- Prosjektutvikling og internasjonalisering
- Samfunnskontakt (korte og fleksible utdanningar, EVU i distrikta)
- Pedagogisk utvikling

To av disse stillingane, Marknadsføring og prosjektutvikling, er tidlegare vakansar som ikkje har vore erstatta pga. den økonomiske situasjonen skulen hadde i 2020.

Disponering av fondsmidlar 2022

Jf. vedtak i sak om budsjett og årsrekneskap som nemnt over skal delar av disposisjonsfondet dekke investeringar og prosjekt. Investeringar på til saman kr. 3,7 mill. skulle ha vore gjennomført i 2021, men på grunn av forseinkingar vert kostnadene først ført i 2022. Følgjande investeringar vert såleis kostnadsført i 2022:

Oppgradering av bro-, maskin- og boresimulator – kr. 2. mill.
LAB-utstyr 1,2 mill.
CP-factory (etterslep) 0,5 mill.

Totalt er det kr. 3,7 mill. som må dekkjast i 2022.

Vidare søkte fagskulen om tilskot til fleire prosjekt i januar 2022, og av 6 søknadar vart 3 innvilga. Søknadene som vart innvilga er som følgjer:

Prosjekt	Budsjett	Tilskot HK-dir.	Eigenandel
Utvikling av opplæringsprogram for digital lastesimulator (2-årig)	541 000,-	432 800,-	108 200,-*
Oppgradering av navigasjon-simulator studiestad Austevoll (1-årig)	1 740 000,-	885 000,-	855 000,-
Oppgradering av boresimulator (1-årig)	1 775 000,-	862 500,-	912 500,-**
Totalt	4 056 000,-	2 180 300,-	1 875 700,-

*Halve eigenandelen skal dekkjast i 2022.

**Om lag 600 000,- er allerede betalt av denne eigenandelen.

Disposisjonsfondet til fagskulen er på kr. 7,5 mill., og totalt skal det av dette gå om lag kr. 4,9 mill. til planlagde investeringar og eigenandelar i prosjekt. Basert på dette vil det stå tilbake om lag 2,6 mill. som ikkje er disponert. Desse midlane vil verte nytta til meirkostnadar knytt til fusjonen og mindre investeringar og innkjøp. Det er også mogleg å vidareføre midlar som ikkje vert disponert til budsjettåret 2023.

Vedtakskompetanse

Styret er øvste styringsorgan for Fagskolen i Hordaland jf. fagskulelova § 9. Av vedtektene til fagskulestyret, § 2-2 femte ledd, er styret økonomisk og juridisk ansvarleg for all fagskuleutdanning ved skulen.

Konklusjon

Basert på saksframlegget vil rektor tilrå at detaljbudsjettet for 2022 vert vedteke slik det kjem fram av saka og at disposisjonsfondet vert nytta på planlagde investeringar og budsjett på kr. 4,9 mill. Vidare vil rektor tilrå at dei resterande 2,6 mill. i disposisjonsfondet vert nytta til meirkostnadar i samband med fusjonen og mindre investeringar og innkjøp.

Saksnr: 2022/486-32

Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Styret for Fagskulen Vestland	VS 16/22	02.05.2022

Tilbudsstruktur for Fagskulen Vestland 2022-23

Forslag til vedtak

1. Det vert vedteke å starte opp følgjande tilbod ved Fagskulen Vestland hausten 2022:

	Fagskulen Vestland	Nye studentar
Førde	Bygg FTB01H	15
	Anlegg FTB02H	15
	Bygg FTB01N	30
	Anlegg FTB02N	15
	KEM FTB03N	15
	Bygningssakkyndig FTB58N	30
	BIM FTI53N	25
	Elkraft FTE13N	30
	Automatisering FTE01N	30
	Mjølkeproduksjon med bruk av robotteknologi FPS10N	15
	Maskin FTT04H	0
	Maskin FTT04N	30
	Handverksystem	15
	Måløy	Maskinoffiser FTM02H
Dekksoffiser FTM01H		15
Nordnes	Klima, energi og miljø i bygg FTB03N	40
	Bygg FTB01H	30
	Bygg FTB01N	80
	Automatisering FTE01N	40
	Elkraft FTE03H	30
	Elkraft FTE03N	80
	Maskinteknikk FTT04H	30
	Maskinteknikk FTT04N	40
	Prosessteknikk FTK01N	40
	Psykisk helsearbeid og rusarbeid FHH56D	30
	Rehab., hverdagsmestr./velferdsteknologi N	30

	Robotteknologi og digital produksjon FTT57N	30
Stord	Maskinteknikk med ISO FTT11H	30
	Elkraft FTE03H	30
Nygård	Maskinoffiser FTM02H	30
	Dekksoffiser FTM01H	30
	Boring FTP01H	40
Austevoll	Dekksoffiser FTM01H	30
	Vannkjemi, mikrobiologi og fiskehelse FPH05N	30
Hjeltnes	Arborist FPS01D	16
	Lokal matkultur FTK51N	25
Voss	Anlegg FTB02N	30
	Totalt	1086

Samandrag

I denne saka vert det lagt fram forslag til tilbodsstruktur for Fagskulen Vestland skuleåret 2022/23. Prosjektstyret for Fagskulen Vestland handsama i møte 03.12.2021 sak om mellombels tilbodsstruktur og vedtok kva tilbod som skulle lysast ut gjennom Samordna opptak våren 2022. Frist for å søkje utdanning gjennom Samordna opptak var i år 20. april, og innan 2. mai må styret ha vedteke kva tilbod som skal starte opp. Det er ikkje mogleg å trekke tilbod etter denne dato.

Torbjørn Mjelstad
rektor

Adeline Berntsen Landro
prorektor

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I denne saka vert det lagt fram forslag til tilbodsstruktur for Fagskulen Vestland skuleåret 2022/23. Prosjektstyret for Fagskulen Vestland handsama i møte 03.12.2021 sak om mellombels tilbodsstruktur og vedtok kva tilbod som skulle lysast ut gjennom Samordna opptak våren 2022. Frist for å søkje utdanning gjennom Samordna opptak var i år 20. april, og innan 2. mai må styret ha vedteke kva tilbod som skal starte opp. Det er ikkje mogleg å trekke tilbod etter denne datoen.

Det er eit stort tal på søknadar som skal handsamast, og fristane er korte fram til styret må ta stilling til kva tilbod som skal starte. I denne saka vert det derfor vist talet på primær søkerar, det vil sei dei søkerane som har eit tilbod ved Fagskulen Vestland som første prioritet. Desse tala seier ikkje noko om talet på kvalifiserte søkerar, og styret vil få meir informasjon om dette i styremøtet.

Vidare i denne saka vert det vist forslag til kva tilbod som det er ønskeleg å starte opp hausten 2022 basert på søkjartal og andre vurderingar. Tidlegare Fagskolen i Hordaland og Fagskulen i Sogn og Fjordane har hatt ulik måte å berekne ressurs og kostnader til utdanningane på, og jf. handsaming av sak VS 12/22, som vart handsama av styret 22.04.2022, vil denne praksisen vere ulik ut skuleåret 22/23. På bakgrunn av dette vert det vist eitt oppsett for Fagskulen Vestland nord og eitt for Fagskulen Vestland sør.

Ramma for Fagskulen Vestland

I budsjettåret 2022 fekk fagskulen totalt følgjande ramme med statstilskot, studieavgift og fylkeskommunalt tilskot:

Ramme 2022

Statstilskot	130 200 000
Studieavgift	7 000 000
VLFK	22 979 000
	<hr/>
	160 179 000

Tabell 1. Ramma for Fagskulen Vestland 2022

Av ramma er det vidare føreslått følgjande fordeling:

Ramme	160 179 000
Undervisning nord	28 306 600
Undervisning sør	90 322 400
Administrasjon	17 300 000
Leiing og andre kostnader	24 250 000

Tabell 2. Fordeling av ramma i 2022.

Fordelinga av ramma er i tråd med budsjettet som er lagt fram for styret i dette møtet. Fagskulen har ikkje fått tilskot til nye studieplassar for hausten 2022, og ei eventuell vekst i tilbodet må takast innanfor eksisterande ramme.

Det er føreslått ei vekst i tilbodet, men det vil likevel vere til saman 5,6 mill. som ikkje vert føreslått disponert. Bakgrunnen for dette er at veksten som vert føreslått skuleåret 2022/23 får konsekvensar for ramma i skuleåret 2023/24, og det vil vere naudsynt å ikkje utnytte heile ramma til hausten for å sikre at det ikkje får veldig store utslag seinare. Dette vert forklart nærare i saka.

Forslag til tilbudsstruktur for skuleåret 2022/23

Vidare vert forslag til tilbudsstruktur vist for fagskulen i nord, med forklaringar til tabellane og forslaget. Først vert det vist ein summert struktur, og deretter vert det vist detaljert for kvar av studiestadene. Tilbod som er lyst ut, men som vert føreslått ikkje oppretta vert kommentert, samt forslag til å starte tilbod med få søkjarar.

SUMMERT Fagskulen Vestland nord	Nye studentar	2. klasse studentar	3. klasse studentar	Sum klassar	Søkjarar vår 2020	avslag (-) / restplassar (+)	Kostnad undervisning
Førde	265,00	162,00	85,00	30,00	293,00	-28,00	19 556 936
Måloy	30,00	27,00	-	4,00	41,00	-11,00	7 414 952
Fagskulen Vestland nord	295	189	85	34	334	-39	26 971 888

Tabell 3. Summert oversikt Fagskulen Vestland nord.

Tabell 3 syner ei oppsummering av forslag til tilbudsstruktur for skuleåret 2022/23 i nord. Tabellen syner at det vert føreslått å starte opp med totalt 189 nye studentar hausten 2022 med ein kostnadsramme til undervisning på om lag 27 mill.

	Klasse	Fagskulen Vestland nord	Nye studentar	Tal klassar trinn 2	Tal klassar trinn 3	Sum Klassar	Søkjarar vår 2022	avslag (-) / restplassar (+)	Kostnad undervisning
Førde	1	Bygg FTB01H	15			1	3	12,00	1 445 916
	2	Bygg FTB01H		5		1			1 140 049
	1	Anlegg FTB02H	15			1	6	9,00	-
	2	Anlegg FTB02H		7		1			602 465
	1	Bygg FTB01N	30			1	24	6,00	760 033
	2			14		1			704 420
	3				11	1			685 883
	1	Anlegg FTB02N	15			1	15	0,00	760 033
	2			8		1			111 224
	3				18	1			685 883
	1	KEM FTB03N	15			1	10	5,00	-
	2			9		1			556 121
	3				9	1			648 808
	1	Bygningssakkyndig FTB58N	30			1	27	3,00	760 033
	2			27		1			704 420
	3				0	1			685 883
	1	BiM FT53N	25			1	39	-14,00	556 121
	2			17		1			556 121
	1	Elkraft FTE13H	0			0	2	-2,00	-
	1	Elkraft FTE13N	30			1	52	-22,00	778 570
	2			32		1			778 570
	3				20	1			695 152
	1	Automatisering FTE01N	30			1	17	13,00	704 420
	2			20		1			741 495
	3				19	1			732 227
	1	Mjølkeproduksjon med bruk av robotteknologi FPS10N	15			1	13	2,00	556 121
	2			9		1			556 121
	1	Maskin FTT04H	0			0	5	-5,00	-
	1	Maskin FTT04N	30			1	15	15,00	741 495
	2			14		1			741 495
	3				8	1			611 734
	1	Velferdsteknologi				0	14	-14,00	-
	1	Handverksysting	15			1	51	-36,00	556 121

Tabell 4. Forslag til tilbudsstruktur ved studiestad Førde fordelt på klassetrinn.

Tabell 4 syner at det er føreslått å starte opp éin klasse på heiltid innan bygg og anlegg som kan gå saman første studieår. Andre studieår må klassen delast og det vil gje ein meirkostnad andre året på om lag 600 000,-. Til saman er det 9 søkjarar til desse to tilboda, men det er mogleg å rekruttera vidare, og fagskulen har erfaring med at søkjarar til høgskulen som ikkje får studieplass er interessert i å starte ved eit tilbod ved fagskulen.

Vidare vert det føreslått å starte tilboda KEM nett og Anlegg nett på same måte som Bygg og Anlegg heiltid. Her vil også restplassar kunne leggast ut.

Tilbodet Elkraft heiltid fekk 2 søkjarar innan fristen og vert føreslått ikkje starta opp. Det vert også føreslått å ikkje starta opp tilbodet Velferdsteknologi. Innan helsefaga ser skulen at det kan vere intern konkurranse, og tilbodet Rehabilitering, kvardagsmestring og velferdsteknologi bør prioriterast i denne omgang. Årsaka til dette er at det er etablerte ressursar til det sistnemnte tilbodet, og det har fleire søkjarar.

	Klasse	Fagskolen Vestland nord	Nye studentar	Tal klassar trinn 2	Tal klassar trinn 3	Sum Klassar	Søklarar vår 2022	avslag (-) / restplassar (+)	Kostnad undervisning
Måløy	1 og 2	Maskinoffiser FTM02H	15	13		2	11	-4,00	3 707 476
	1 og 2	Dekksoffiser FTM01H	15	14		2	25	-10,00	3 707 476
		Leing i havbruksoperasjonar	0			0	5	-5,00	-

Tabell 5. Forslag til tilbudsstruktur ved studiestad Måløy.

Tabell 5 syner at det vert føreslått å starte opp begge dei maritime utdanningane ved studiestad Måløy. Til utdanninga maskinoffiser var det innan søknadsfristen 11 søklarar, men fagskolen har erfaring med at søklarar som ikkje er primærsøklarar kjem til i suppleringsopptaket slik at det vert ein full klasse.

Tilbudet Leing i havbruksoperasjonar hadde 5 søklarar og vert føreslått ikkje oppretta. Dette er eit nytt tilbud som ikkje har vore aktivt før.

SUMMERT Fagskolen Vestland sør	Nye studentar	2. klasse	3. klasse	Sum klassar	Søklarar vår 2021	Søklarar vår 2022	avslag (-) / restplassar (+)	Kostnad undervisning
Nordnes	500,00	15,00	9,00	38,00	875,00	758,00	-258,00	52 090 038
Stord	60,00	1,00	-	3,00	50,00	63,00	-3,00	6 638 475
Nygård	100,00	3,00	-	6,00	182,00	169,00	-69,00	14 065 621
Austevoll	60,00	1,00	-	3,00	79,00	42,00	18,00	6 105 941
Hjeltnes	41,00	1,00	-	3,00	27,00	51,00	-10,00	3 892 850
Voss	30,00	1,00	1,00	3,00	59,00	54,00	-24,00	3 892 850
Fagskolen i Hordaland	791	22	10	56	1 272	1 137	-346	86 685 774

Tabell 6. Sommert oversikt fagskolen Vestland sør.

Tabell 6 viser overordna forslag til tilbudsstruktur i sør og at det er føreslått å ta inn totalt 791 nye studentar hausten 2022. Kostnadsramma for undervisning vert på bakgrunn av dette om lag kr 86,6 mill. i sør. I denne tabellen er det talet på klassar og ikkje talet på studentar som vert vist på trinn 2 og 3.

		Nye studentar	Tal klassar trinn 2	Tal klassar trinn 3	Sum Klassar	Søklarar vår 2021	Søklarar vår 2022	avslag (-) / restplassar (+)	Kostnad undervisning
Fagskolen Vestland sør									
Nordnes	Klima, energi og miljø i bygg FTB03H				0	16	0	0	-
	Klima, energi og miljø i bygg FTB03N	40	1	1	3	57	59	-19	3 892 850
	KEM /Tak og fasade FTB03N				0	0	0	0	-
	Bygg FTB01H	30	1		2	54	55	-25	3 892 850
	Bygg FTB01N	80	2	2	6	95	84	-4	7 785 700
	Automatisering FTE01H				0	23	23	-23	-
	Automatisering FTE01N	40	1	1	3	57	73	-33	3 892 850
	Elkraft FTE03H	30	1		2	67	78	-48	3 892 850
	Elkraft FTE03N	80	2	2	6	121	133	-53	7 785 700
	Maskinteknikk FTT04H	30	1		2	43	32	-2	3 892 850
	Maskinteknikk FTT04N	40	1	1	3	92	48	-8	3 892 850
	Maskinteknikk med ISO FTT11N				0	0	0	0	-
	Prosessteknikk FTK01H				0	0	0	0	-
	Prosessteknikk FTK01N	40	1	1	3	56	46	-6	3 892 850
	Klassisk bygningshandverk FTB54H				0	0	0	0	-
	Klassisk bygningshandverk FTB54D		1		1	45	0	0	1 297 617
	Psykisk helsearbeid og rusarbeid FHH56D	30	1		2	65	70	-40	2 039 112
	Rehab., hverdagsmestr./velferdsteknologi N	30			1	11	20	10	1 019 556
	Rehab., hverdagsmestr./velferdsteknologi D				0	0	14	-14	-
	Spesialreinhold FHH10D		1		1	42	0	0	1 019 556
	Robotteknologi og digital produksjon FTT57H				0	0	0	0	-
	Robotteknologi og digital produksjon FTT57N	30	1	1	3	31	23	7	3 892 850

Tabell 7. Forslag til tilbudsstruktur ved studiestad Nordnes.

Tabell 7 syner at det er føreslått to endringar i høve til kva som vart lyst ut gjennom Samordna opptak. Det eine tilbudet er Automatisering heiltid som har 23 søklarar innan fristen. Dette tilbudet har ofte eit større fråfall før studiestart enn andre tilbud, og det vert derfor føreslått å ikkje starte dette tilbudet. I staden er det ønskjeleg å starte opp tilbudet Rehabilitering, kvardagsmestrering og velferdsteknologi, samt en ekstra klasse på Stord (vert vist i tabell 8 under).

Det andre tilbudet er Rehabilitering, kvardagsmestring og velferdsteknologi deltid. Dette tilbudet vart lyst ut både på deltid og som reint nettstudie, og det var sistnemnte som fekk flest søkjarar. Samtidig ser vi at ein del av søkjarane har søkt på Psykisk helsearbeid og rusarbeid i tillegg, og dette må vurderast nærare i styremøtet når søkjartala er sakshandsama meir.

	Fagskolen Vestland sør	Nye studentar	Tal klassar trinn 2	Tal klassar trinn 3	Sum Klassar	Søkjarar vår 2021	Søkjarar vår 2022	avslag (-) / restplassar (+)	Kostnad undervisning
Stord	Maskinteknikk FTT04H		1		1	50	0	0	2 212 825
	Maskinteknikk med ISO FTT11H	30			1	0	29	1	2 212 825
	Elkraft FTE03H	30			1	0	34	-4	2 212 825
	Automatisering FTE01H				0	0	0	0	-

Tabell 8. Forslag til tilbodsstruktur ved studiestad Stord.

Ved studiestad Stord vart det lyst ut to klassar, ein innan Maskinteknikk med ISO og ein innan Elkraft. Til vanleg er det ein klasse som startar kvar år, og det vert alternert mellom Elkraft og Maskinteknikk annakvart år. Bakgrunnen for å lyse ut Maskinteknikk med ISO var at Stord har eit stort behov for denne kompetansen, og det var ønskeleg å sjå om det var større etterspurnad for dette tilbudet. Det er gode søkjartal til begge tilboda, og det vert derfor føreslått å starta opp begge. Samtidig vil dette auke talet på klassar på Stord frå 2 til 3 i skuleåret 2022/23, og for å sikre at det ikkje vert for høg styringsfart bør styret vurdere på nytt neste skuleår om det igjen berre skal lysast ut ein klasse på Stord. Dersom det vert starta opp to nye klassar hausten 2023, vil det til saman vere 4 klassar på Stord.

	Fagskolen Vestland sør	Nye studentar	Tal klassar trinn 2	Tal klassar trinn 3	Sum Klassar	Søkjarar vår 2021	Søkjarar vår 2022	avslag (-) / restplassar (+)	Kostnad undervisning
Nygård	Maskinoffiser FTM02H	30	1		2	47	45	-15	4 344 890
	Dekksoffiser FTM01H	30	1		2	84	91	-61	5 271 759
	Boring FTP01H	40	1		2	45	33	7	4 448 971
	Havbunnsinstallasjoner FTP04H				0	6	0	0	-

Tabell 9. Forslag til tilbodsstruktur ved studiestad Nygård.

Ved studiestad Nygård er det ikkje føreslått endringar, og tabell 9 viser at det er gode søkjartal.

	Fagskolen Vestland sør	Nye studentar	Tal klassar trinn 2	Tal klassar trinn 3	Sum Klassar	Søkjarar vår 2021	Søkjarar vår 2022	avslag (-) / restplassar (+)	Kostnad undervisning
Austevoll	Dekksoffiser FTM01H	30	1		2	30	10	20	5 086 385
	Vannkjemi, mikrobiologi og fiskehelse FPH05H	30			1	49	32	-2	1 019 556

Tabell 10. Forslag til tilbodsstruktur ved studiestad Austevoll.

Ved studiestad Austevoll vert det ikkje føreslått endringar i høve til dagens struktur. Tilbudet Dekksoffiser hadde i 2021 eit svært høgt søkjartal på 30 primærsøkjarar, det er vanleg med om lag halvparten. I år er det noko lågt, men Austevoll har til saman 76 søkjarar når vi også ser på andre og tredje prioritets søkjarar. Som i Måløy er skulen vane med at søkjarar som ikkje får plass i Bergen eller ein annan skule, ofte takkar ja til plass i Austevoll, og det endelege søkjartalet vert såleis større.

	Fagskolen Vestland sør	Nye studentar	Tal klassar trinn 2	Tal klassar trinn 3	Sum Klassar	Søkjarar vår 2021	Søkjarar vår 2022	avslag (-) / restplassar (+)	Kostnad undervisning
Hjeltnes	Arborist FPS01D	16			1	0	31	-15	1 297 617
	Lokal matkultur FTK51N	25	1		2	27	20	5	2 595 233

Tabell 11. Forslag til tilbodsstruktur ved studiestad Hjeltnes.

Ved studiestad Hjeltnes vert det ikkje føreslått endringar i høve til kva som vart lyst ut gjennom Samordna opptak. Det er ønskeleg å arbeide vidare med å rekruttere fleire søkjarar til utdanninga Lokal matkultur.

Arborist har berre 16 tilgjengelege studieplassar, og med heile 31 søkjarar vil dette tilbudet bli fulltalig.

	Fagskolen Vestland sør	Nye studentar	Tal klassar trinn 2	Tal klassar trinn 3	Sum Klassar	Søkjalar vår 2021	Søkjalar vår 2022	avslag (-) / restplassar (+)	Kostnad undervisning
Voss	Anlegg FTB02H				0	0	0	0	-
	Anlegg FTB02N	30	1	1	3	49	54	-24	3 892 850

Tabell 12. Forslag til tilbodsstruktur ved studiestad Voss.

Ved studiestad Voss er det eitt tilbud innan Anlegg, og det er svært gode søkjartal. Det vert derfor ikkje føreslått endringar på Voss.

Utnyttingsgrad av ramma i nord og sør

Basert på forslag til tilbodsstruktur i nord vil det vere om lag 1.3 mill. som ikkje vert disponert. Grunnen til dette er at tilboda Elkraft og Velferdsteknologi ikkje vert føreslått starta opp. Samtidig vil det som nemnt verte lagt til grunn ein høgare kostnad i strukturen skuleåret 23/24 fordi klassane som vert føreslått oppretta samanslått i 22/23 vert dyrare i 23/24. Dersom fagskulen ikkje får ein auke i ramma neste budsjettår, må det vere eit handlingsrom for å dekke desse meirkostnadene.

I sør vil det vere om lag 4,3 mill. som ikkje vert disponert i tilbodsstrukturen, og her er også forklaringa at langtidseffektane gjer at dersom skulen startar fleire tilbod i 22/23, så vil det få konsekvensar for strukturen neste skuleår. Dersom det vert starta opp fleire tilbod i sør, vil det skapast eit underskot i ramma i 23/24, og styret må då gjere større justeringar. Det vil sei trekkje ned meir av tilbodet.

Vedtakskompetanse

Jf. Lov om høgere yrkesfaglig utdanning § 9 andre ledd er det styret for fagskulen som har kompetanse til å vedta tilbodsstruktur:

«Styret selv skal fatte vedtak om at det etter styrets skjønn er forsvarlig å ta opp nye studenter. Vedtaket skal fattes før studiestart.»

Konklusjon

På bakgrunn av saksframlegget vil rektor tilrå at følgjande tilbodet vert starta opp ved Fagskulen Vestland hausten 2022:

	Fagskulen Vestland	Nye studentar
Førde	Bygg FTB01H	15
	Anlegg FTB02H	15
	Bygg FTB01N	30
	Anlegg FTB02N	15
	KEM FTB03N	15
	Bygningssakkyndig FTB58N	30
	BIM FTI53N	25
	Elkraft FTE13N	30
	Automatisering FTE01N	30
	Mjølkeproduksjon med bruk av robotteknologi FPS10N	15
	Maskin FTT04H	0
	Maskin FTT04N	30
	Handverksysting	15
Måløy	Maskinoffiser FTM02H	15
	Dekksoffiser FTM01H	15
Nordnes	Klima, energi og miljø i bygg FTB03N	40
	Bygg FTB01H	30
	Bygg FTB01N	80
	Automatisering FTE01N	40
	Elkraft FTE03H	30
	Elkraft FTE03N	80
	Maskinteknikk FTT04H	30
	Maskinteknikk FTT04N	40
	Prosessteknikk FTK01N	40
	Psykisk helsearbeid og rusarbeid FHH56D	30
	Rehab., hverdagsmestr./velferdsteknologi N	30
	Robotteknologi og digital produksjon FTT57N	30
Stord	Maskinteknikk med ISO FTT11H	30
	Elkraft FTE03H	30
Nygård	Maskinoffiser FTM02H	30
	Dekksoffiser FTM01H	30
	Boring FTP01H	40
Austevoll	Dekksoffiser FTM01H	30
	Vannkjemi, mikrobiologi og fiskehelse FPH05N	30
Hjeltnes	Arborist FPS01D	16
	Lokal matkultur FTK51N	25
Voss	Anlegg FTB02N	30
	Totalt	1086